



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	11.05.2020
Tid:	13.00 – 15.40

Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leiar	
Jan Nilsen	Nestleiar	
Leiv Magnar Aarflot	Medlem	
Ann Elin Myklebust	Medlem	
Kristin Helsem Sævik	Medlem	

Forfall:

Varamedlemer som møtte:

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	

Frå Herøy kommune møte:

Olaus-Jon Kopperstad	Rådmann	I sakene 24, 26, 27 og 28
Geir Egil Olsen	Økonomileiar	I sake 26

Idar Kjell Tarberg
LeiarKristin Helsem Sævik
Medlem



SAKLISTE

- SAK 21/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT
MØTEPROTOKOLL
- SAK 22/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 23/20 MELDINGAR
- SAK 24/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 25/20 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019
- SAK 26/20 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019
HERØY KOMMUNE
- SAK 27/20 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING
HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING
- SAK 28/20 ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN - TILSYNSSAK SOSIALE
TENESTER



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/20	033	24.04.2020	11.05.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Kristin Helsem Sævik.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/20	049	24.04.2020	11.05.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 23.04.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 23.04.2020

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/20	033&17	04.05.2020	11.05.2020	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.
2. Kontrollutvalet vil ha dei kommunale varslingsrutinane framlagt til neste møte og ber rådmannen gjere ei orientering i møtet.

Vedlegg

1. Kommunerevisoren nr. 2. 2020. «Varsling – har kommunerevisjonen en rolle?»

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/20	033&58	04.05.2020	11.05.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad på gjennomgådde møteprotokollar. Utvalet vil likevel ha innsyn i formannskapssak 42/20 Strategisk grunnkjøp til neste møte.

I møtet

Rådmann Kopperstad vart kalla inn og gav orientring vedkomande formannskapssak 42/20.

**Saksopplysning**

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside -

<https://innsyn.heroy.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet:

Arbeidsmiljøutvalet:	24.02	
Eldrerådet:	17.02	
Formannskapet:	25.03	21.04
Klageutvalet:		
Komite for helse og omsorg:		
Komite for næring, kultur og idrett:		
Komite for oppvekst:		
Kommunestyret:	03.04	
Kontrollutvalet:		
Maritim og teknisk komite:		
Maritim og teknisk utval:	09.03	20.04
Nemnd for vilt, fiske og friluft:		
Oppvekstutvalet:	06.02	22.04
Plan og byggenemnd:		
Plan og byggeutval:	16.03	
Råd for msk med nedsett funksjonsevne:	02.03	
Ungdomsrådet:	25.03	
Utval for helse og omsorg:	12.02	15.04
Utval for næring, kultur og idrett:	11.03	
Valnemnda:		
Valstyret:		
Valutvalet:	27.02	

SSR IKS STYRE

SSR IKS RE

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/20	216	30.04.2020	11.05.2020	JoS

**REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019
HERØY KOMMUNE**

Samrøystes vedtak

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2019.

I møtet

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang orientering og spørsmålsstilling.



Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommuneleova § 11-5, 2. lekk b, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll. Møtet lukka kl. 14.00

Møtet vart opna igjen etter revisor sin gjennomgang. Kl. 14.30.

Vedlegg:

Statusoversikt og kontroll for 2019. **Unnateke offentleg innsyn jf. Offentleglova § 24 1.** lekk.

Saksopplysningar

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre.

I Kommuneleova frå 1992 § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet sin oppgave er utdjupa i kontrollutvalgskonferansen som var heimla i kommuneleova frå 1992 (1994) § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

I Kommuneleova av 2018 § 23-3 a står det: «Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

I Forskrift om kontrollutval og revisjon (2019):

«§ 3. Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruks og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommuneleova av 1992. På førespurnad til NKRF får ein opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det ikkje vil verte vesentlege endringar i høve på-sjå ansvaret overfor finansiell revisjon/årsrekneskapet.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.



Under finn ein kva som er gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.
Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Kvalifikasjonskrav og praksis er dermed følgd opp.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg.
Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Vandelsattest er nødvendig for å få registrering.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit.
Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet.
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit
fortløpande og rapporterer om eventuelle endringar.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.
*Kontrollutvalet sin kunnskap til kva revisjonsarbeidet omfattar er opparbeida
gjennom utdanning, yrkeserfaring, erfaring med revisjonseiningar, skriftlege og
munnlege orienteringar frå revisjonen. M.a. i høve godkjenning av
planleggingsdokumentet datert 02.12.2019, sak 42/19 og forbundsbasert kontroll på
revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll
var i 2016. Godkjent resultat vart formidla til kontrollutvalet som melding.
I tillegg ligg det føre for kontrollutvalet, jf. vedlegg til saka, Statusoversikt og
kontroll for 2019 , og konklusjon Dette dokumentet er unnateke offentleg innsyn, jf.
Offl. § 24, 1. lekk).*
*Desse dokumenta omhandlar oversikt over revisjonen sitt arbeid med
finansiellrevisjon*
Frå oppsummeringa av revisjonen sitt arbeid:
Konklusjonsmoment gir grei oversikt.
Totalkonklusjon:
*Det er ikkje avdekkja feil i revisjonsarbeidet, som ikkje har blitt endra utover det som
blir nemnd nedanfor, Det er ikkje grunnlag for å kunne konkludere at det ligg føre
vesentlege feil som ikkje har blitt avdekkja som vil påvirke
arbeidsvesentlegheitsgrensa slik den vert overskriden, fastsett til kr 5,1 mill.*

Revisor peikar på:

1. Balansen og note vedkommande pensjonskostnadar viser eit premieavvik på kr 35,3 mill.
Dette er ei rekneskapsteknisk anordning av betalte pensjonskostnadar og inga reell fordring.
2. Beløpa i årsrekneskapen viser vesentlege avvik i forhold til regulert budsjett på fleire avdelingar/områder. Meirinntekter har blitt brukt til dekning av meirforbruk.
Investeringsrekneskapen viser fortsatt nokre prosjekt som manglar budsjett eller har overskridingar.

Notar er kontrollerte, og alle lovpålagte notar går fram av årsrekneskapen.

Årsrekneskapen kan derfor leggjast fram slik den ligg føre.

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.
Kontrollutvalet har inngått samarbeidsavtale med revisjonen.
7. Revisjonsstrategi.
*Revisor har utarbeida revisjonsstrategi/revisjonsplanlegging for året. Denne var til
behandling/orientering i kontrollutvalssak xx/19.*
8. Nummerert brev.



- Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.*
9. Mislegheiter.
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.
 10. Revisjonsmeldinga.
Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 27.04.2020.
 11. Revisor sin møteplikt og møterett.
Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
 12. Revisor sin opplysningsplikt.
Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/20	212	30.04.2020	11.05.2020	JoS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 HERØY KOMMUNE

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 27. april 2020.
2. Kontrollutvalet meiner at Herøy kommune sitt årsrekneskap kan godkjennast.
Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat (overskot) på kr 10 998 187 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 8 170 741

Årsrekneskapen er sett saman av:
 - ✓ balanse per 31.12.2019
 - ✓ driftsrekneskap
 - ✓ investeringsrekneskap og økonomiske oversikter
 - ✓ notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp
3. Kontrollutvalet er einig i rådmannen sitt forslag om av setje av det rekneskapsmessige meirforbruket på kr 8,170 mill til disposisjonsfond.

Driftsrekneskapen viser at kommunen totalt har hatt kr 532 468 214 til disposisjon, og har fordelt/brukt kr 524 297 473 på rammeområda.

I møtet

Rådmann Kopperstad og økonomileiar Geir Egil Olsen orienterte og svara på spørsmål.

Vedlegg

1. Rekneskap 2019 med revisjonsmelding datert 27. april 2019
2. Årsrapport 2019

Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsmelding for 2019.

Rekneskapen er avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 8 170 741 (kr 11 183 796 i 2018).

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

- Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2019 og



- gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak.
 - Vesentlege avvik mellom beløp i årsrekneskapen og regulert budsjett på fleire områder. Investeringsrekneskapen viser fleire tilfellar av overskridingar og manglande budsjett. Dette var også situasjonen i 2018.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
 - Premieavvik i balansen er ikkje noko reelt krav
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Rekneskapen 2019

Årsrekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske skjema.

Innholdslista finn ein på side 1.

Rekneskapskjema 1A driftsrekneskapet finn ein på side 9.

Rekneskapskjema 2A investeringsrekneskapet er på side 14.

Notane, nr 1-24 gir god informasjon og bør lesast. Dei finnst på side 22-37. Ein viser elles til rekneskapsdokumentet.

Årsrapport 2019

Innholdsliste finn ein på side 1.

Vi vil peike på det høge nivået på:

1. Drifta
2. Lånegjelda

1. Driftsutgiftene er høge i forhold til inntektene. Kommunen bør ned på nivået for gjennomsnittet for kommunane i same KOSTRA-gruppe (08) for å få samsvar mellom utgifter og inntekter, side 13.
2. Lånegjelda er høg. Langsiktig gjeld utgjer kr 853,3 mill. ved utgangen av 2019. Netto lånegjeld utgjer 107,6% av brutto driftsinntekter, side 75. Dette er litt lavare enn nabokommunar, men vesentleg høgre enn landsgjennomsnittet som er 86,4%. Netto lånegjeld pr innbyggjar utgjer pr. 31.12.19 kr 95 600, side 89. Dette er langt over landsgjennomsnittet ex Oslo som er kr 72 360. I tillegg har kommunen har eit stort etterslep når det gjeld vedlikehald av eigedomar.

Ein viser elles til sjølve dokumentet som har fyldig og detaljert informasjon frå seksjonane.

Avslutning

Revisjonsmeldinga:

- Det kjem ikkje fram noko atterhald eller presisering, men revisor peikar på to forhold:
 - Premieavvik i balansen er ikkje noko reelt krav



- Vesentlege avvik mellom beløp i årsrekneskapen og regulert budsjett på fleire områder. Investeringsrekneskapen viser fleire tilfeller av overskridingar og manglande budsjett. Dette var også situasjonen i 2018.
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift
- og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2019 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- Revisjonen har elles ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/20	217	04.05.2020	11.05.2020	KS

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting i heimesjukepleia til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

Vedlegg

1. Samandrag i rapporten – Tenesteyting i heimesjukepleia, av 30.10.2019

Saksopplysning

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 10/19 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt innan heimetenester, men avgrensa til heimesjukepleie. Målsettinga med prosjektet var å kontrollere om heimesjukepleia yter tenester i samsvar med brukarane sine enkeltvedtak.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Tenesteyting i heimesjukepleia – Herøy kommune, datert 30.10.2019. Denne var handsama i kontrollutvalssak 41/19, og vidare i kommunestyret 12.12.2019 i sak 190/19 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting i heimesjukepleia, Herøy kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 30.10.2019.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - 2.1 Kommunen må sette i verk tiltak for å sørge for at ein får lik praksis mht. kvittering av utført teneste.
 - 2.2 Kommunen må følgje opp og revurdere enkeltvedtak ved endra tenester.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **15.03.2020**.

**Tilbakemelding frå rådmannen, av 30.04.2020**

Status for gjennomføring av tiltaka er som følgjer:

- Det var Herøy kommune som, under forvaltningsrevisjonsprosjektet, fann ut og gjorde revisor merksam på utfordringar rundt kvittering av utført teneste. Dette vart endra på i siste del av prosjektet, men etter at rapportar som ligg til grunn vart tekne ut. Det vil seie at tiltak for å sikre lik praksis alt var gjennomført før kommunestyrevedtaket.
- Vi har rutine for å revurdere alle tenester ved endring, og sende ut oppdatert vedtak. For å sikre at alle endringar vert fanga opp, revurderer vi alle vedtak minst ein gong i året. Så dei tenestene som ikkje automatisk var revurdert ved endring i forvaltningsrevisjonen, har vi eit sikkerheitsnett for å fange opp.

Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/Alf Marius Grønnevik, av 04.05.2020

Ut i frå tilbakemeldinga har kommunen sett i verk tiltak i høve anbefalingane. Ein eventuell etterkontroll på eit seinare tidspunkt kan avdekke om tiltaka fungerer tilfredstillande.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/20	030&18	04.05.2020	11.05.2020	KS

**ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN -
TILSYNSSAK SOSIALE TENESTER****Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitende, og ber rådmannen/NAV leiar om ny orientering møtet 07.12.2020. Utvalet ber også om orientering frå hovudverneombod i kommunen.

I møtet

Rådmann Kopperstad orienterte og svare på spørsmål.
Han har vore i dialog med Fylkesmannen. Ein vart samde om at Handlingsplan skal utarbeidast i fellesskap.
(Handlingsplan: Rutinebeskrivingar, oppbygging av kompetanse m.m.)
Handlingsplanen er sendt Fylkesmannen.

Saksopplysningar

Rådmannen er kalla inn får å orientere og svare på spørsmål.

Kontrollutvalet ber rådmannen om å bli fortløpande orientert bl.a. med kopi av korrespondanse i saka inntil den er lukka. Rådmannen vert beden om ny orientering om status på møte 11.05. og må då gjerne ta med NAV leiar.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Rådmann til orientering.
Ordførar til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.